

Invitasjon til samling i  
Nasjonalt Museumsnettverk for kulturlandskap



Sunnmøre 23.-25. august 2017



Stiftinga  
Sunnmøre  
Museum



DE HEIBERGSKE SAMLINGER  
SOGN FOLKEMUSEUM



Høgskulen  
på Vestlandet

Vertsmuseum for årets samling er Stiftinga Sunnmøre Museum. Stiftinga har fleire interessante avdelingar. Vi vil mellom anna verte kjent med Sunnmøre Museum i Ålesund og avdelinga Ytste Skotet. Ytste Skotet er ein autentisk høgdegard med ca. 80 daa med artsrike slåttemarker og slåttemyrer. Heile bruket omfattar ca. 3000 daa og strekkjer seg frå fjorden til snaufjellet 800 moh. På garden er det 15 bygningar – mellom anna naust ved fjorden, stovehus og løe, hjulhus og kvernhus og fleire utmarksløer. Museet arbeider med å ta vare på dei ulike kulturmarkstypane og har fleire prosjekt gåande, mellom anna på slåttemyr. Den praktiske formidlinga av området er viktig både til skuleklasser og andre vitjande.

## Nettverksdag på Sunnmøre Museum

onsdag 23. august

---

10.00 – 10.45 Oppmøte og registrering

10.45 – 11.00 Velkommen til Middeldalermuseet v/ Ivar Gunnar Braaten direktør på Stiftinga Sunnmøre Museum og Marie Pettersson koordinator for Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap

11.00 – 12.00 Arbeid med kulturlandskap i Stiftinga Sunnmøre Museum v/ Kirsi Rätty og Magnhild Vatne.

12.00 – 13.00 Lunsj

13.00 – 16.00 Årssamling i Nettverket

16.00 – 16.45 Omvising i Middeldalermuseet og omgjevnader

Frå museet tek vi offentleg transport inn til Ålesund sentrum. Vi har tid til å sjekka inn på hotellet og slappe av litt før middag.

19.30 Middag på klippfiskrestauranten XL Diner

## Ytste Skotet

torsdag 24. august

---

Frukost og utsjekking frå hotellet

09.00 – 11.00 Reise med vikingbåten Knarren til Ytste Skotet. Vi reiser frå Ålesund og inn Storfjorden der Sunnmørsalpane reiser seg i sør.

11.00 – 12.00 Vandring opp til Ytste Skotet der vi vert møtt velkomne og får praktisk informasjon om opphaldet her. Skotet ligg ca. 250 moh. Stien opp er ca. 1 km, litt bratt i starten, men fin å gå. Med roleg turtempo tek turen 20 - 30 minuttar.

12.00 – 13.00 Lunsj

13.00 – 17.00 Omvising på Ytste Skotet og kulturlandskapet knytt til høgdegarden. Vandringa i dag er lett og utan bratte parti. På turen til slåttemyra som tek 15 - 20 minutt ser vi på dei typiske artane, mellom anna solblom og orkidèar, og diskuterer moglegeheiter og utfordringar knytte til forskning, skjøtsel og formidling.

18.00 Middag

Overnatting på Ytste Skotet

8.00 - 9.00 Frukost

9.00 – 11.00 Tur til nabogardane Me-Skotet og Inste-Skotet. På Me-Skotet møter vi Idar Skotte som har vakse opp på garden og har mykje interessant å fortelje om drifta av garden.

11.00 – 12.00 Lunsj og oppsummering

12.00 – 13.00 Pakking og heimreise

13.00 Båttransport over fjorden. Frå Dyrkorn går det ein rutebuss kl. 15.30 som er på Vigra kl. 17.20

---

## Praktiske opplysingar

---

**Hugs: Vi kjem til å vera mykje ute og det vil vera litt gåing. Vêret kan vera variabelt. Ta med varme og vind- og vasstette klede, og gode sko ( gjerne fjellsko eller gummistøvlar)!**

### Overnattinga på Ytste

Vi er på eit levande museum så vi kan ikkje tilby moderne fasilitetar. I stabburet er det to etasjar og her finst 20 gode madrassar. Er det nokon som vil sova i høyet er det og mogleg. Vil du heller ha med eige telt så kan du det. **NB! Hugs sovepose og hovudlykt!**

Elles er det utedo. Morgonvask/ bademogelegheiter er i elva. Det finst aggregat, så det er mogeleg å lada telefonen, men ta gjerne med powerbank om du har.

### Overnatting i Ålesund

Her ordnar kvar og ein med eigen overnatting. Nettverket har sett av 20 enkeltrom og 3 dobbelrom på Scandic Parken. Dei tilbyr følgjande prisar for oss:

Standard enkeltrom : 1125,-

Standard dobbelrom: 1295,-

Frukost inngår i prisen. Hotellet har stor frukostbuffé (som er kåra til fylkets beste frukost 4 år på rad).

For bestilling:

Tlf: 70 13 23 00

E-post: [parken@parkenhotel.no](mailto:parken@parkenhotel.no)

Ref.nr: **566133** må oppgjevast for å få avtalt pris.

Bestillingsfrist for denne kvoten er: **09. august**. Alle ubrukte rom blir frigjorde frå denne kvoten etter denne dato.

### **Korleis koma seg til Ålesund og Sunnmøre museum?:**

#### Fly

Nærmaste flyplass er Vigra. Både SAS og Norweigan flyg hit. Frå flyplassen går det flybuss (lokalrute 660). Skal du til Sunnmøre museum tek du buss mot Moa og går av på haldeplassen Sunnmøre Museum, bussturen tek ca. 40 min.

#### Tog

Eit alternativ frå Oslo og Trondheim er å ta toget til Åndalsnes og buss vidare til Ålesund.

#### Buss mellom Sunnmøre Museum til Ålesund

Alle bussar som går til Ålesund

For meir info om lokale bussar sjå:

<http://www.frammr.no/Ruter/Buss/Aalesund>

### **Deltakaravgift**

Som vanlig er deltakaravgifta etter sjølvkostprinsippet og varierer etter tal på deltakarar. Avgifta vert fakturert etter samlinga. Prisen i år vil truleg ligge på ca. 1500 kr.

#### Dette er ikkje inkludert i prisen:

Reise til/frå seminar

Offentleg transport i opplegget

Hotell i Ålesund

Middag på onsdagskvelden

### **Påmelding**

Frist: 1. juni

Med omsyn til overnattingshøve på Skotet er det tak på tal 25 deltakarar

Påmelding: De Heibergske Samlinger; [marie@misf.no](mailto:marie@misf.no), telefon: 47 45 02 19

Namn: .....

Institusjon: .....

Fakturaadresse: .....

Spesielle omsyn: .....

Innspel på nettverksmøtet: .....

Anna: .....